

Skadefelling av grågås i fredningsperioden.

Jakttida på grågås er i tida 10.08 til 23.12.

Søknad om løyve til felling av grågås som gjer skade på dyrka mark (eng og beite), skal vere skriftleg. (viltforskriften § 3-8)

Kommunen kan gje løyve til felling av grågås som gjer skade på eng og beite. Dette går fram av viltforskrifta og naturmangfaldlova.

- Løyve skal berre gjevast unntaksvis for å unngå ei utholing av fredningsprinsippet i viltlova.
- Ved felling av vilt, skal ein ta ut dei individua som faktisk gjer skade.
- Noko skade må ein tolle. Først når skaden vert vesentleg eller ved framhald vil bli vesentleg, skal kommunen gje løyve til felling av skadegjerande individ. Tal individ som vert gjevne fellingsløyve på, skal vere ut frå skadeomfanget. Ønsket om reduksjon av lokal bestand skal ikkje vektleggast ved vurdering av fellingsløyve.
- Før søknad om fellingsløyve, plikter søker å ha gjennomført tiltak for å hindre eller redusere skaden.
- Løyve gjeld for området som er skada eller i umiddelbar nærleik.
- Ein må tolle noko skade. Felling skal ikkje, som regel, vere eit første val.
- Skadefellingsløyve vert kun gjeve om andre tiltak er utprøvd og desse ikkje reduserer eller løyser problemet.

Kva må vere med i søknaden.

Søknad om skadefelling av gås, skal vere skriftleg. Bruk gjerne vedlagde skjema. Dersom det er trond for å gje tilleggsopplysningar, legg ein dette ved. Søknaden skal skildre kva det er skade på, i kva omfang, har det vore skade tidlegare år, kvar er skadestaden – del av garden og type areal. Kva tiltak er gjennomført for å hindre/redusere skadeomfanget. Er det jakta i ordinær jakttid?

Kva vurderingar vil kommunen gjere og kva vilkår kan kommunen sette?

Kommunen skal på bakgrunn av søknaden vurdere om det er grunnlag for å gje løyve til felling av skadegjerande individ. Skaden må vere eller om den held fram, vere av vesentlig økonomisk storleik for skadelidne.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Dette innebærer at kommunen må vurdere om fellingsløyve fører til påverknad av naturmangfaldet.

I eit eventuell løyve kan kommunen sette nokre vilkår.

1. Tal individ som kan fellast.

Talet vert vurdert ut frå skadeomfanget og kva bestandssituasjonen er i kommunen, fylket og landet.

2. Kva område løyve gjeld for.

Løyve til felling av individ som gjer skade, gjeld i utgangspunktet på eigedomen til søker. Men løyvet kan avgrensast til å gjelde kun det området der skaden faktisk er.

3. I kva tidsrom gjeld løyvet.

Tidsavgrensinga kan setjast til periode då skaden skjer. Korte fristar.

4. Kven løyve gjeld for.

Retten til og ansvaret for å vurdere skadefelling er lagt til grunneigar/brukar/rettshavar. Fleire av desse kan søke om felles løyver, om skadekriteria er oppfylte på kvar av eigedomane. Kommunen må då i samarbeid med søkerane fastsette kven som skal stå som ansvareg for at fellinga vert organisert og iverksett i samsvar med løyve.

Fellingsløyve vert gjeve til søker som sjølv er ansvarleg for at fellinga skjer i tråd med forskrifter og eventuelle vilkår sett av komunen. Søker må sjølv ta kostnader med felling og eventuell handsaming av felt vilt.

5. Rapporteringsplikt.

Kwart fellingsløyve som vert gjeve, vil medføre ei plikt til å rapportere kva utfallet er. Felling av skadegjerande vilt, må følgje reglane for utøving av jakt som er fastsett i viltlova med forskrifter.

Kvar sender ein søknad og fellingsrapport:

Gulen kommune

Eivindvikvegen 1119

5966 Eivindvik

Epost:

postmottak@gulen.kommune.no



Søknadskjema for felling av gås som gjer skade.

Søkjar:

Dato:

Søknaden gjeld g.nr./b.nr.:

Kva er det skade på? *Eng, beite,*

Kva omfang har skaden? (*tidsrom, storleik på gåseflokk, kor stort er arealet som gjessene beiter på, kva vert konsekvensen om beitinga held fram?*)

Kvar er skadestaden? *Kvar på eigedomen beiter dyra, legg gjerne ved kart, foto.*

Kva førebyggande tiltak er prøvd ut? *Innflygingshinder, gjerde, leplanting, manuell skreming (med hund) skreming med lydkanon, laser, fugleskremsel.*

Har du hatt skader tidlegare år? *Vis til tidlegare søker eller skildre hendingar.*

Er det lokalt felt gås under ordinær jakt?

Fellingsrapport for felling av gås som gjer skade.

| Gås nr | Namn på jeger | Felt dato | Kor mange gjess var der ved felling | Kommentar/effekt |
|--------|---------------|-----------|-------------------------------------|------------------|
| 1 | | | | |
| 2 | | | | |
| 3 | | | | |
| 4 | | | | |
| 5 | | | | |
| 6 | | | | |
| 7 | | | | |
| 8 | | | | |
| 9 | | | | |
| 10 | | | | |

Skriv om verknaden av tiltaket i heilskap:

Namn/signatur:

Gbnr.: